

Studieløp i alternativ praksis under koronapandemien vår – 2020

Av Hilde Søreide, Astri Johanne Hagenes og Inger Oline Bruland



© Hilde Søreide, Astri Johanne Hagenes og Inger Oline Bruland

Fakultet for helse- og sosialvitenskap
Institutt for helse- og omsorgsvitenskap

Høgskulen på Vestlandet
[2023]

HVL-rapport frå Høgskulen på Vestlandet nr. 2023-9

ISSN 2535-8103

ISBN 978-82-8461-053-5



Utgjeingar i serien vert publiserte under Creative Commons 4.0. og kan fritt distribuerast, remixast osv. så sant opphavspersonane vert krediterte etter opphavsrettslege reglar.
<https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/>

Samandrag

Under korona-pandemien i 2020 vart høgskular og sjukepleiepraksis stengt 12.mars. Ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) campus Førde vart alle studentane som var i praksis ved sjukepleieutdanninga stoppa. Det førte til at studentane ikkje fekk ferdigstilt sin praksis og stod i fare for å ikkje få produsert studiepoeng.

Onsdag den 18.mars opna Helse Førde for at studentar/vikarar kunne komme tilbake til arbeid. Sjukepleieutdanninga ved Campus Førde endra på rekkefølga på emna i studieplan og opna for ulike alternative studieløp for studentane slik at ingen av studentane ved Sjukepleie i bachelor ved Campus Førde fekk stopp i sitt studieløp.

EMNEORD: Bachelor i sjukepleie, studieløp, korona, emneplanar, alternativ praksis.

Forord

Rapporten omhandlar studentar og tilsette ved bachelor i sjukepleie, campus Førde, om korleis studieløpet vart endra på grunn av koronapandemien vår -20.

Rapporten er utarbeida av Hilde Søreide, Astri Johanne Hagenes og Inger Oline Bruland. Hilde Søreide (høgskulelektor/programkoordinator/emneansvarleg), Astri Johanne Hagenes (høgskulelektor/emneansvarleg), Inger Oline Bruland (høgskulelektor/emneansvarleg), er tilsett ved bachelor i sjukepleie ved Fakultetet for helse- og sosialvitskap, Institutt for helse- og omsorgsvitskap, HVL, campus Førde.

Takkseing til Anny Aasprang og Ole Tormod Kleiven for rettleiing under arbeidet og fagfelle vurdering av ferdig stilt rapport.

Innhold

Innleiing.....	1
Bakgrunn	2
Formålet med rapporten	4
Høgskulen på Vestlandet.....	5
Bachelor i sjukepleie ved campus Førde	5
Arbeidsgruppe.....	6
Arbeidsprosessen.....	7
Samarbeid	8
Sentrale dokumenter	9
Forskrift om nasjonal retningslinje for sykepleierutdanning	9
Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet	11
Mellombels forskrift om tillegg til forskrift 9. mai 2019 nr. 1000 om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet	11
Teoriemne	12
Sjukepleie ved somatisk sjukdom/skade, teori og praksis førebuing (PU) (SK162) 3. semester	12
Omlegging av eksamen	13
Helsefremjande og førebyggjande arbeid (SK157) 4. semester	13
Praksisemne.....	14
Rettleia praksis i kirurgi/medisinsk avdeling (SK163 og SK164) 3 og 4. semester ..	14
Rettleia praksis i psykisk helsearbeid og heimesjukepleie (SK166 og SK167) 5. semester	15
Førebuing til Yrkeslivet Praksis (SK159) 6. semester	17
Arbeidskrav.....	19
Diskusjon	21
Konklusjon.....	26

Referansar 27

Vedlegg 2

Vedlegg 3

Vedlegg 4

Vedlegg 5

Vedlegg 6

Vedlegg 7

Vedlegg 8

Vedlegg 9

Vedlegg 10

Innleiing

I mars 2020 kom koronapandemien til Norge. Dette førte til unntakstilstandar som ein ikkje har hatt i Norge sidan 2. verdenskrig. Den 12. mars vart Høgskulen på Vestlandet stengt for studentar og tilsette. Utdanninga bachelor i sjukepleie har mange praksisemne i sitt studieløp, og ein stor del av studentane ved campus Førde var, eller skulle, ut i praksisstudium.

Ein del høgskular/sjukepleieutdanningar i Norge stengde ned praksis, noko campus Førde valde å ikkje gjere. Målet var å holde studentane i studieløp så lenge som mogeleg, slik at studentane skulle kunne produsere studiepoeng.

Samtidig som høgskular stengte ned, kom det melding frå helsedirektoratet om å prøve å oppretthalde sjukepleieutdanningar så langt det var forsvarleg (Regjeringen.no, 2020). Ein ville sikre at det vart uteksaminert sjukepleiarar kommande år.

Bakgrunn

Campus Førde valde å halde studentane i praksis ved å sette i gang med alternativ praksis til studentar som skulle ut i praksis denne våren. Det var tre kull som hadde praksis dette semesteret; to fulltidskull, der eit kull skulle ut i rettleia praksis i psykisk helsearbeid/heimesjukepleie, og det andre skulle i sin første praksis i spesialisthelsetenesta. Det tredje kullet var eit deltidskull som skulle ut i rettleia praksis i psykisk helsearbeid/heimesjukepleie. Praksisen i psykiatri/heimesjukepleie er i eit ordinert studieløp på 240 timar, og sjukehuspraksisen er på 270 timar (Kunnskapsdepartementet, 2008)

Utdanningsdirektoratet og helsedirektoratet opna for at ein fekk godkjent praksis med 150 timar (Kunnskapsdepartementet, 2020b) Som følgje av pandemien vart den fysiske oppfølginga av høgskuletilsette til studentar i praksis stoppa. Campus Førde løyste dette ved å tilby studentane å gå i lønna arbeid og få dette godkjent som praksis.

For at studentane skulle få godkjent lønna arbeid som praksis måtte dei ha dokumentasjon på kvar dei hadde lønna arbeid og kva type praksisstudium den enkelte arbeidsstad svarte til. Det vart vedtatt at studentar som skulle ut i «Rettleia praksis i kirurgi/medisinsk avdeling (SK163 og SK164)» kunne få dekkja sin medisinske praksis i kommunehelsetenesta.

Studentar som skulle ut i «Rettleia praksis i psykisk helsearbeid og heimesjukepleie (SK166 og SK167)» vart delte i to ulike praksisstudium. Dei fleste (59 stk) av studentane hadde jobb i kommunehelsetenesta og fekk dekkja sin praksis inn mot heimesjukepleie og psykiatri der. Ikkje alle studentane hadde lønna arbeid der dei ville nå læringsutbytta i «Rettleia praksis i psykisk helsearbeid og heimesjukepleie (SK166 og SK167)». For å kunne tilby alle studentane praksisstudium var det 10 studentar som hadde lønna arbeid i spesialisthelsetenesta, og fekk dette godkjent som den siste praksisen i bachelor i sjukepleieutdanninga ved campus Førde, «Førebuing til Yrkeslivet Praksis (SK159)» (HVL, 2020/2021c).

Studentane måtte nå læringsutbytta for dei ulike praksisemna samtidig som dei var i lønna arbeid, og det var tett digital oppfølging av studentane av fagtilsette ved sjukepleieutdanninga.

Det var også ein god del studentar som ikkje hadde lønna arbeid. Å få seg ein jobb når Norge var gått i «lockdown» var heller ikkje så lett. For å holde oppe progresjonen i studiet for desse studentane, vart teoriemne framskynda slik at studentane hadde teoriemne i staden for praksisemne. Studentane hadde dermed progresjon i studiet sitt sjølv om campus var stengt ned.

Formålet med rapporten

Synleggjering av endringar og erfaringar som vart gjort ved utdanninga bachelor i sjukepleie campus Førde når pandemien råka våren 2020, og konsekvensar dette hadde for haustsemesteret 2020.

Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største utdanningsinstitusjonane i landet, med om lag 17 000 studentar. Kvart år uteksaminerast det ca. 4500 kandidatar som er med på å løyse viktige samfunnsoppgåver (HVL, 2023). HVL består av fem campusar på Vestlandet: Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund. I stragegien til verksemda står tre omgrep sentralt:

- Samspel: Vi utviklar ny kunnskap i dialog med omverda og kvarandre.
- Berekraft: HVL skal vere ei drivkraft for berekraftig utvikling.
- Nyskaping: Vi skal utruste studentane med kompetanse som gjer dei kreative, løysingsorienterte og nyskapande.

HVL utviklar ny kunnskap i tett dialog med omverda. Den kompetansen HVL har, og den kunnskapen HVL utviklar, skal samfunnet kunne ta i bruk.

Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS) har ca. 4 720 studentar på campus Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund. Fakultetet består av Institutt for helse og funksjon, Institutt for helse- og omsorgsvitskap, Institutt for velferd og deltaking, Senter for omsorgsforskning vest og fakultetsadministrasjonen.

Institutt for helse- og omsorgsvitskap er i Førde, Bergen, Stord og Haugesund. Det er ca. 2400 studentar og om lag 210 tilsette ved instituttet. Sjukepleiarutdanninga ligg i Bergen, Førde, Haugesund og på Stord. HVL utdannar sjukepleiarar på heiltid over tre år i Bergen, Førde, Haugesund og på Stord. I Førde har ein opptak om våren, og deltidsstudie med opptak annan kvart haust (HVL, 2023) .

Bachelor i sjukepleie ved campus Førde

Undervisninga til Bachelor i sjukepleie ved campus Førde er lagt opp med varierte læringsformer som forelesningar, formidling frå studentar, medstudentrespon, arbeid i grupper, ferdigheitstrening, simulering, prosjektarbeid, oppgåveskriving og sjølvstudium.

Ein del av undervisninga skjer i mindre grupper som gjer det lett å bli kjent med medstudentar og bli ein del av et godt studentmiljø. Ferdigheitstreninga går føre seg på SimArena. Her får medstudentar trene i trygge miljø på sjukepleieprosedyrar og

realistiske scenario frå praksis. På den måten blir studentane godt forberedt til å møte pasientar og pårørande når dei skal ut i praksis. I sjukepleieutdanninga møter ein pasientar og pårørande når ein er ute i praksis. HVL campus Førde nyttar praksisplassar knytt til både kommunehelsetenesta, spesialisthelsetenesta og psykisk helsevern. Praksisstudiane utgjer om lag 50 prosent av studiet, fordelt over dei tre studieåra (Regjeringen, 2008).

Arbeidsgruppe

Det vart nedsett ei arbeidsgruppe av ulike aktørar med mål om å opprettholde studentane sin studieprogresjon. Fagseksjonsleiar var ein viktig person i arbeidet som leda arbeidet med omlegginga. Fagseksjonsleiaren hadde tett dialog vidare opp i organisasjonen under omlegginga av studiet.

Programkoordinator og emneansvarlege jobba tett saman med fagseksjonsleiar i prosessen med å sjå på ulike løysningar for å holde studieløpa i gang.

Emneansvarlege hadde hyppige møter med sine fagtilsette i sine emnegrupper, og formidla vidare kva omleggingar som vart gjort.

Arbeidsprosessen

Vår 2020 vart det arbeidd mykje for å oppretthalde studieprogresjon for studentane. Det var viktig med tett dialog frå leiinga ut til dei fagtilsette. Det var daglege samtalar mellom emneansvarleg, programkoordinator og fagseksjonsleiar. Det var og informasjonsmøte for heile fagseksjonen kvar veke.

Samarbeid

Helse Førde og kommunehelsetenesta vart stengt for praksis, men vi hadde dialog med helseføretaket og kommunane i forhold til å løyse utfordringane med studentar som ikkje fekk gjennomført praksis som planlagt. Dei studentane som tok eit teorieme vår 2020 i staden for praksis fekk gå i praksis i Helse Førde og kommunehelsetenesta hausten 2020.

Ei anna løysing var at studentane gjekk i lønna arbeid, og fekk dette godkjent som praksis. Studentane måtte nå læringsutbytta, og det var arbeidsgivarane som vurderte studentane. Dette førte til at arbeidsgivarar fekk meir ansvar når studentar var i lønna arbeid, ved å sørge for at studentane nådde læringsutbytta. Lærarar frå HVL var inne og hadde samtalar digitalt med studentar og arbeidsstad for å hjelpe til med at studentane skulle nå læringsutbytta.

Sentrale dokumenter

Forskrift om nasjonal retningslinje for sykepleierutdanning

Studiet si oppbygging skal sikre samanheng og progresjon, og sikre integrering mellom teori og praksis på ein måte som understøtter læringsutbyttebeskrivinga. Det skal leggest til rette for studentmobilitet og gjevast moglegheit for valbar fordjuping.

Kvart studieår skal innehalde teoristudiar og praksisstudiar. Utdanninga skal vere organisert frå det grunnleggande, til det meir kompliserte og samansette.

Gjennomgåande tema skal vere: etikk, pasientsikkerheit, kommunikasjon, samhandling og leiing. Første studieår skal omfatte grunnleggande sjukepleie, anatomi, fysiologi og biokjemi og leiing av eige arbeid. Andre studieår skal omfatte sjukepleie til menneske med akutt, kronisk og kritisk sjukdom. Tredje studieår skal omfatte komplekse og samansette pasienttilstander og sjukdomsbilde, samt leiing av tverrfaglege grupper og pasientens føreløp i behandlingsskjeden.

Sjukepleieutdanninga skal kvalifisere kandidatar til å utøve sjukepleie for å ivareta menneskets grunnleggande behov, fremme helse, førebygge og behandle sjukdom, lindre lidingar og sikre ein verdig død. Grunnlaget for omsorgsfull og fagleg forsvarleg sjukepleie er oppdatert kunnskap, sikkerheit og respekt for menneskets autonomi og medbestemmelse.

Utdanninga skal sikre at kandidaten kan utøve sjukepleie til pasientar med komplekse og samansette sjukdomsbilde. Kandidaten skal kunne ta ansvar for og gjere sjølvstendige, systematiske kliniske vurderingar, prioriteringar og slutningar, samt kritisk vurdere effekten av sjukepleie og behandling. Utdanninga skal bidra til at kandidaten utviklar gode ferdigheiter i kommunikasjon, rettleiing og samhandling. Kompetanse i kvalitets- og forbetningsarbeid skal bidra til å redusere uønskte hendingar og variasjon, samt sikre pasient- og brukarmedverknad. Kandidaten skal kunne utøve sjukepleie til menneske i alle aldrar i eit individ-, gruppe- og samfunnsperspektiv.

Utdanninga skal også sikre kompetanse og haldningar som dannar grunnlag for likeverdige tenestetilbod for alle grupper i samfunnet, deriblant samar sin status som urfolk og deira rettigheter til språklege og kulturelt tilrettelagte tenester.

Sjukepleieutdanninga skal vere praksisnær, profesjonsretta og forskingsbasert, og skal møte samfunnets krav om likeverdige og kunnskapsbaserte tenester. Etter fullført utdanning skal kandidaten kunne bidra til ein berekraftig utvikling av helsetenesta i takt med demografiske og teknologiske endringar (Kunnskapsdepartementet, 01.04.2019).

Praksisstudiar utgjer ein integrert del av studiet. Kvaliteten i praksisstudiane og korleis dei verkar saman med undervisninga ved utdanningsinstitusjonen er avgjerande for den samla studiekvaliteten. Praksisstudiane skal utformast slik at dei sikrar at læringsutbyttet oppnåast. Det skal strevast etter kontinuitet i praksisoppfølginga mellom utdanningsinstitusjon og praksistilbydar.

Utdanningsinstitusjonen skal inngå samarbeidsavtalar med praksistilbydaren jf. forskrift om felles rammeplan for helse- og sosialfagutdanningar § 3 andre ledd (Kunnskapsdepartementet, 06.09.2017). Utdanningsinstitusjonen skal sjå til at praksistilbydar er involvert i utforminga av samarbeidsavtalane. Avtalane skal blant anna omhandle planlegging av praksisperiodar, lærars rettleiing og nærvær, skikkahetsvurdering og utarbeiding av læringsutbyttebeskrivingar med tilpassande læringsaktivitetar for praksisperioden. Avtalen skal legge til rette for at rettleiar har kjennskap til utdanninga, og at lærar ved utdanningsinstitusjonen har kjennskap til praksisplassen. Utdanningsinstitusjonen skal tilby opplæring i rettleiing, og partane skal samarbeide om plan for gjennomføring av rettleiingsopplæring (Kunnskapsdepartementet, 06.09.2017).

Praksisstudiets omfang skal vere i tråd med direktiv 2005/36/EF om godkjenningar av yrkeskvalifikasjonar, med seinare endringar her under direktiv 2013/55/EU (Kunnskapsdepartementet, 01.04.2019). For å sikre kvalitet og kontinuitet skal praksisstudiet ha minimum to periodar av minst sju vekers varigheit, der ein periode skal vere i kommunale helse- og omsorgstenester og ein periode i spesialisthelsetenesta. Dei to periodane må inkludere døgntinuerleg oppfølging av pasientar. Det bør leggast til rette for at studenten får erfaring med både poliklinisk-, dag- og døgnbehandling i pasientens behandlingsskjede i spesialisthelsetenesta. Praksisstudiet skal omfatte følgande praksisarenaer: generell medisin og medisinske spesialitetar, generell kirurgi og kirurgiske spesialitetar, psykisk helse og psykiatri, eldreomsorg og geriatri, svangerskaps- og barselomsorg, barnesjukepleie og

pediatrisk sjukepleie, heimesjukepleie. Det kan og leggest til rette for praksisstudiar ved andre relevante praksisarenaer (Kunnskapsdepartementet, 01.04.2019).

Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet

Praksis blir vurdert etter skalaen «bestått»/«ikkje bestått» etter ei avsluttande vurdering av studenten sin prestasjon i praksisperioden. For å bestå praksisen må studenten med sin prestasjon i praksisperioden nå måla for læringsutbyttet. Når deltaking i praksis er eit arbeidskrav, skal perioden vurderast som godkjend/ikkje godkjend. Arbeidskrav skal følgje reglane i kapittel 8, i tillegg til § 10-1 til § 10-4 (Kunnskapsdepartementet, 30.12.2016). Studenten har rett til jamleg rettleiing og tilbakemelding. Tilbakemeldinga skal halde studenten orientert om korleis studenten fungerer når det gjeld læringsutbyttet for praksisperioden. Studenten skal ha ei avsluttande vurdering som viser om vurderingsresultatet er bestått eller ikkje bestått. Vurderinga skal omtale kva som er vurdert og om læringsutbyttet for praksisperioden er oppnådd. Vurderinga skal gjerast ut frå krava til læringsutbyttet, studenten sin prestasjon i praksisperioden undervegs og eventuelle praktiske prøvar. Heile praksisperioden skal telje med i vurderinga. Den avsluttande vurderinga skal vere tilgjengeleg for studenten når resultatet for praksisen er publisert (Kunnskapsdepartementet, 30.12.2016).

Mellombels forskrift om tillegg til forskrift 9. mai 2019 nr. 1000 om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet

Føremålet med den mellombelse forskrifta var å sikre at studentane skulle få anledning til å fullføre emne og utdanninga utan større forseinkingar enn nødvendig. Alle endringane som var gjort i den midlertidige forskrifta, var gjort med heimel om at forskrifta skulle ivareta dei faglege krava ved utdanninga (Kunnskapsdepartementet, 2020b).

Teoriemne

Det var to teoriemne som vart gjennomført våren 2020: Sjukepleie ved somatisk sjukdom og skade SK162 (HVL, 2020/21) og Helsefremjande og førebyggjande helsearbeid SK157 (HVL, 2020/2021b).

Sjukepleie ved somatisk sjukdom/skade, teori og praksis førebuing (PU) (SK162) 3. semester

Studentane hadde teoriemne Sjukepleie ved somatisk sjukdom/skade SK162 (HVL, 2020/21) i tredje semester på bachelorutdanninga. Teoriemnet dannar grunnlag for teoretisk kunnskap før dei tek til på praksisbolkane SK163 (HVL, 2020/2021d) og Sk164 (HVL, 2020/2021e). I teoriemnet SK162 (HVL, 2020/21) er det læringsutbytte som tilseier at studenten har kunnskap om, kan vurdere og gjere greie for aktuelle observasjonar og sjukepleietiltak ved ulike sjukdommar og skade. Studentane skal gjennom teoretisk undervisning og praktisk tilnærming klare å nytte sjukepleieprosessen som metode for å vurdere data, og vidare kunne hjelpe pasientar med ulike behov. I dette emnet er det lagt opp til at studentane skal møte til undervisning i klasserom kombinert med temasamlingsgrupper og praktiske øvingar på SimArena ved campus Førde.

Då koronapandemien kom til Norge medførte det at studentar ikkje lenger kunne møte fysisk til undervisning eller praktiske øvingar, og praksisfeltet vart stengt. For at studentar ikkje skulle få stopp i studiepoengproduksjon, vart det bestemt at Kull 75 skulle få starte på teoriemnet SK162 (HVL, 2020/21) sidan dei ikkje kunne ta til i praksis SK170 (HVL, 2020/2021h). Det vart gjort fritak frå forkunnskapskrava til SK162 (HVL, 2020/21) etter «Mellombels forskrift om tillegg til forskrift 9. mai 2019 nr. 1000 om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet» (Kunnskapsdepartementet, 2020a). All undervisning vart gått gjennom av emneansvarleg i samråd med fagseksjonsleiar, og timeplan vart lagt om til digital undervisning på zoom. Kullet vart delt i grupper på åtte studentar som skulle jobbe saman i temasamlingar med rettleiing av ein lærar. Det vart lagt inn ein ekstra time som møtepunkt i temasamlingane for at det skulle vere lettare for studentane å spørje om det dei lurte på i litt mindre grupper. Timeplan for dette kullet varierte mellom synkron undervisning på zoom, sjølvstudie der faglærar la ut powerpoint eller

aktuelle notat og temasamlingar. Ferdigheitstrening på SimArena måtte gå ut då campus var stengt.

Omlegging av eksamen

Eksamen i emnet SK162 (HVL, 2020/21) er ordinært ein individuell, skriftleg skuleeksamen over 5 timar. Då campus var stengt for studentar, og det av smittevernomsyn ikkje var mogleg å samle studentane til eksamen, måtte denne leggest om til ei ny form. Kull 74 skulle ha eksamen fredag 13. mars. Dagen i forveien – 12. mars – kom beskjeden om at campus stengte. Dette kullet fekk ikkje avvikla eksamen som planlagt og måtte vente til vi hadde fått godkjent eksamen i ny form. For Kull 74 vart eksamen avvikla som individuell, skriftleg heimeeksamen fredag 3. april. For Kull 75 vart det bestemt at eksamen skulle bli i form av munnleg eksamen på zoom. Kull 75 fekk avvikla munnleg eksamen på zoom tysdag 16.- og onsdag 17. juni.

Helsefremjande og førebyggjande arbeid (SK157) 4. semester

Innhald og oppbygging i emnet helsefremjande og førebyggjande omhandlar arbeid på ulike område i samfunnet. Emnet ligg ordinært plassert i slutten av fjerde semester. Undervisninga er knytt til fire tema; «grunnlagstenking», «aktivitet, kultur og helse», «migrasjon og internasjonal helse» og «helse i forhold til barn og ungdom». Emnet inneheld ein observasjonspraksis i åtte dagar og prosjekteksamen knytt til denne praksisen i gruppe, med vurdering greidd/ikkje greidd.

Studentar som ikkje hadde lønna arbeid som kunne erstatte Rettleia praksis i kirurgi/medisinsk avdeling (SK163 og SK164)(HVL, 2020/2021d, 2020/2021e), fekk gå inn i emnet helsefremjande og førebyggjande arbeid (SK157)(HVL, 2020/2021b) saman med kull 73 som hadde dette emnet ordinært på sin studieplan. Det gjaldt 38 studentar frå kull 74.

Observasjonspraksisen vart avlyst på grunn av korona, og prosjekteksamen vart endra til ein litteraturstudie i grupper.

Praksisemne

Det var fem praksisemne i bachelor i sjukepleie våren -20 som vart omorganisert på grunn av pandemien (vedlegg 1).

Rettleia praksis i kirurgi/medisinsk avdeling (SK163 og SK164) 3 og 4. semester

Innhald og oppbygging av emne SK163/164 (HVL, 2020/2021d, 2020/2021e), kliniske studium relatert til pasientar som mottar sjukepleie i spesialisthelsetenesta og deira pårørande. Kullet blir delt i to grupper, der ein del av kullet har medisinsk praksis og den andre delen kirurgisk praksis.

Praksisemna SK163 og SK164 (HVL, 2020/2021d, 2020/2021e) er to store praksisbolkar der studentane er i pasientretta arbeid i 270 timar fordelt over 9 veker. I desse praksisperiodane skal studentane hospitere på føde/barsel, barneavdeling, operasjon og oppvavningsavdeling. Praksisane er rettleia der studentane får ein eller to kontaktsjukepleiar på aktuell avdeling og ein kontaktlærer frå HVL som følger studenten gjennom perioden.

Sidan praksisfeltet vart stengt fekk vi ikkje starta opp SK163 (HVL, 2020/2021d) som planlagt våren 2020. Det vart bestemt at studentane kunne ta lønna arbeid på institusjon og søke om å få dette godkjent som alternativ til praksis. Studentane leverte eit skjema i Canvas der dei informerte om kva type institusjon dei skulle ha lønna arbeid ved, kva arbeidsoppgåver dei ville få utføre og ein kontaktperson på arbeidsstaden. I denne perioden skulle studentane jobbe 150 timar i løpet av 10 veker. Studentane skulle i denne perioden levere 2 arbeidskrav (vedlegg 2), eit i form av ein pleieplan, og eit refleksjonsnotat. Kvar student hadde ein kontaktlærer frå HVL som gjennomførte halvtids- og sluttevaluering saman med student og kontaktperson på arbeidsstaden (vedlegg 6.). I kull 74 var det 21 studentar som fekk godkjent lønna arbeid som praksis våren 2020. Fleire studentar søkte om dette, men fekk det ikkje godkjent på grunn av at arbeidstaden ikkje ville erstatte praksis. Det var ikkje alle i Kull 74 som klarte å skaffe seg eigna plass til å jobbe eller at dei ikkje ønskte dette alternativet. For desse studentane vart teoriemnet SK157 (HVL, 2020/2021b) starta

opp tidlegare enn planlagt. Ved å dele kullet på denne måten fekk alle studentane oppretthalde sin studiepoengproduksjon våren 2020.

Ved semesterstart haust 2020 starta kullet opp i ulike praksisar. For å klare å samle kullet att, opprettheld ein delinga. Studentar som våren 2020 hadde vore ute i lønna arbeid, og fått dette godkjent som alternativ praksis til SK163 (HVL, 2020/2021d), fekk starte i praksis SK164 (vedlegg 7.) (HVL, 2020/2021e). No var praksisfeltet opna for studentar slik at desse no kunne få ta sin praksis på sjukehus i spesialisthelsetenesta. Desse studentane fekk ein komprimert praksis med 240 timar over 7 veker i pasientretta arbeid. Av smittevernomsyn var praksisfeltet fortsatt stengt for lærar, så all oppfølging og rettleiing av desse studentane føregjekk over skype/zoom. Dei studentane som starta i teoriemnet SK157 (HVL, 2020/2021b) våren 2020 starta no i praksis SK163 (HVL, 2020/2021d). Emne SK163 (HVL, 2020/2021d) vart og komprimert med 240 timar over 7 veker. Studentane som starta i SK164 (HVL, 2020/2021e) i august -20 starta i emne SK157 (HVL, 2020/2021b) i oktober- 20.

Rettleia praksis i psykisk helsearbeid og heimesjukepleie (SK166 og SK167) 5. semester

Innhald og oppbygging av emne SK166 (HVL, 2020) og 167 (HVL, 2020/2021g), kliniske studium relaterte til pasientar/brukarar som mottek heimesjukepleie, psykisk helsearbeid/psykiatri og deira pårørande som låg i femte. semester. Kullet blir delt i to grupper. Halvparten av kullet startar med åtte veker praksis i heimesjukepleie, den andre halvparten åtte veker i psykisk helsearbeid/helsevern. Dei har så ei veke til læringsaktivitetar, før det delte kullet byt praksis. Til saman har kullet seksten veker praksis.

Etter nyttår 2020 starta kull 72 og 71D (desentralisert) i teoriemnet SK 165 Kommunehelseteneste og psykisk helsearbeid/ helsevern (HVL, 2020/2021f). Emnet tilhørde femte semester i 3. utdanningsår. Emnet utgjorde ein teoribolk på seks veker og blei avslutta med ein fem timars skuleeksamen.

For kull 72 og 71D var så godt som all praksisførebuande undervising gjennomført før korona nedstenginga. Eit pårørandeseminar og eit kommunikasjonsseminar var planlagde læringsaktivitetar mellom praksisperiodane i snuveka (veke 17, 2020).

Begge seminara vart avlyste. Første praksisbolc for studentpulje ein i SK 166 (HVL, 2020) og SK 167 (HVL, 2020/2021g), gjekk som normalt. Forventingsamtalane vart gjennomført med personleg læraroppmøte i praksis, medan halvtids- og sluttevalueringane vart gjennomført digitalt eller gjennom telefon. Koronatiltaka vart satt i verk 12.mars 2020. Frå denne datoen fekk ikkje lærarane personleg tilgang til praksis. Landsdekkjande koronatiltak gjorde til at studentane heller ikkje lenger fekk gå ut i praksis som studentar. Tiltak vart satt i verk for å sikre studentane sin studieprosjeksjon slik at dei kunne sjølve ordne seg arbeidsforhold som erstatning for praksis. Her ifrå vart kull 72 og 71D delt i tre ulike praksisemne. Dei tre ulike praksisane bestod av SK 166 Psykisk helsearbeid/psykiatri (HVL, 2020) tjuesju studentar, SK167 Heimesjukepleie i kommunen (HVL, 2020/2021g) trettitre studentar og SK159 Førebuing til yrkeslivet (HVL, 2020/2021c) tolv studentar. I Psykisk helsearbeid/psykiatri SK166 (HVL, 2020), vart arbeidsforhold i sjukeheim, med spesielt fokus på psykisk helse, godkjent som SK166 (HVL, 2020) sidan det var vanskeleg å få arbeid i psykisk helsearbeid i kommunane. I SK159 Førebuing til yrkeslivet (HVL, 2020/2021c) var spesialisthelsetenesta eit alternativt arbeidsområde.

Studentar som av ulike grunnar ikkje greidde å skaffe seg arbeid, fekk tilbod om å skrive bacheloroppgåve i emnet SK 152 (HVL, 2020/2021a) som ordinert ligg i 6. semester. Dette dreidde seg om fem studentar.

Timetalet på arbeidsforholdet, tilsvarende andre praksisperiode, vart redusert frå 240 timar til minimum 150 timar per emne. Praksislærarane innhenta stadfesting frå arbeidsgjevarane på at studentane, då arbeidstakarar, hadde arbeidd minimum 150 timar på ein tilfredsstillande måte. Studentane fekk eit tilpassa arbeidskrav knytt til koronasituasjonen, som erstatning (vedlegg 3-4-5).

Samtalane mellom kvar einskild student og lærar føregjekk gjennom digitale plattformer og vart å sjå som ei erstatning for to planlagde seminardagar og forventings- halvtids og sluttevaluering. Samtalane fann stad til tidene for ordinære vurderingssamtalar. Studentane fekk to rettleingar på arbeidskravet, slik at lærar hadde kontakt med kvar student ein gong per veke. Trivsel på arbeidsplassen og elles som student, samt læringsutbyttet, operasjonalisert i vurderingsskjema i SK 166

(HVL, 2020) og SK 167 (HVL, 2020/2021g), låg til grunn for samtalan (Vedlegg 8-9).

Førebuing til Yrkeslivet Praksis (SK159) 6. semester

Det var i alt tolv studentar som ordinert skulle ut i praksis innan Rettleia praksis i psykisk helsearbeid/helsevern (SK166)(HVL, 2020) (7. stud) eller Rettleia praksis i heimebaserte tenester (SK167) (HVL, 2020/2021g) (5. stud) som ligg i 5.semester. Desse studentane vart flytta over i emne Førebuing til yrkeslivet (SK159) (HVL, 2020/2021c). Dei vart flytta over til emne SK159 (HVL, 2020/2021c) på grunn av at dei hadde lønna arbeid som kunne erstatte dette emnet i forhold til å nå læringsutbytta.

Innhald og oppbygging av emne «Førebuing til yrkeslivet» (SK159) (HVL, 2020/2021c), for å meistre sjukepleiarrolla treng sjukepleiaren innsikt i kompleksiteten og dei stadige endringane helsevesenet står overfor. Målet er å gje studentane handlingsberedskap til å kunne kople saman fagspesifikk kunnskap og forbetningskunnskap for å utvikle tenesta. Leiing av pleieteamet, innsikt i samspel med andre aktørar i mikrosystemet rundt pasienten og innsikt i organisasjonen på ulike nivå står sentralt i emnet.

Studentane som gjekk ut i dette emnet var ikkje ferdige med sine forkunnskapar som låg til Rettleia praksis i psykisk helsearbeid/Heimesjukepleie SK166/167 emne (HVL, 2020, 2020/2021g). Under pandemien fekk Høgskulen på Vestlandet ei forskrift som lempa på krava, «Midlertidig forskrift om tillegg til forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet 1. august 2019» (Kunnskapsdepartementet, 2020a). Her vart det opna opp for at ein kunne la studentane gå inn i emne dei ikkje hadde forkunnskapane til, for å halde dei i studieløp.

Førebuing til yrkeslivet (SK159) (HVL, 2020/2021c) har under normale tilstandar eit krav på 180 timar i praksis. Høgskulen på Vestlandet fekk ein dispensasjon frå Helsedirektoratet der studentane måtte vise til 150 timar dokumentert som «alternativ praksis/lønna arbeid»(Kunnskapsdepartementet, 2020a).

Praksisl  rarane fekk ikkje m  te studentane i praksis under pandemien, her vart det lagt inn digital oppf  lging p   alle dei ordinere samtalane i praksis (forventingsavtale, halvtidsevaluering og sluttevaluering) (vedlegg 10.). I tillegg vart det lagt inn samtalar kvar veke der studenten kunne f   r  df  re seg med praksisl  rar om arbeidskrav, opplevingar i praksis osv.

Arbeidskrav

Det vart redusert på krav om timetal i praksis til 150 timar i dei ulike praksisemna. For å kompensere for dette vart det lagt inn skriftleg arbeidskrav i dei ulike praksisemna (SK163/164, SK166/167 og SK159) (HVL, 2020, 2020/2021c, 2020/2021d, 2020/2021e, 2020/2021g) (Vedlegg 2-3-4-5).

Emneansvarlege i praksisemna samarbeida om å lage arbeidskrav retta inn mot dei ulike praksisane med fokus på pandemien landet stod i.

I emnet SK163 (HVL, 2020/2021d) har studentane ordinært eit arbeidskrav der dei skal skrive ei oppgåve i form av ein pleieplan knytt til ein pasient. Dette arbeidskravet har vore todelt, ein skriftleg del (pleieplan) og ein del med munnleg framlegg på klinikksamling saman med lærar og medstudentar. Dei studentane som var i lønna arbeid under koronapandemien våren 2020 fekk endra arbeidskravet. Studentane fekk no skrive ei oppgåve i form av ein pleieplan knytt til ein pasient (del A) og i del B skulle dei sjå ein digital læringsressurs og skrive eit refleksjonsnotat knytt opp til plassen der dei var i arbeid og rolla som sjukepleiar som skulle ivareta pasienten i del A av oppgåva, under den pågåande pandemien med tanke på smittevern (Vedlegg 2.).

Studentane sitt ordinære arbeidskrav i praksisemnet SK166 (HVL, 2020), handlar om brukaren sin situasjon i kommunalt psykisk helsearbeid eller helsevern. Tilsvarande har studentane eit ordinert arbeidskrav som handlar om brukaren sin situasjon i heimesjukepleia i praksisemnet SK 167 (HVL, 2020/2021g). I samband med koronapandemien vart ordlyden i arbeidskrava endra. Studentane vart no bedde om å skrive om utfordringar dei møtte kring rutinar for smittevern og knyte problemstillinga til eitt eller fleire av læringsutbytta for praksis i psykisk helsearbeid i SK 166 (HVL, 2020) og for praksis i heimesjukepleia i SK 167 (HVL, 2020/2021g) (Vedlegg 3-4). Utarbeidde retningslinjer og opplæringsvideoar for helsepersonell vart studentane oppmoda om å setje seg inn i, og gjennomføre som ei førebuing til arbeidskravet.

I emnet SK159 (HVL, 2020/2021c) låg det eit arbeidskrav med forbetningsarbeid som tema. Studentane hadde ordinært to veker teori med undervisning og praktiske øvingar i dette emnet før praksis. Våren-20 vart det laga tilnærma lik undervisning til studentane som vart plassert i emne SK159 (HVL, 2020/2021c). Undervisninga vart

laga digital/podcast og hadde hovudfokus på forbetningsarbeid. I korona pandemien vart dette arbeidskravet endra for at det skulle passe inn mot den situasjonen landet stod i, for å dra nytte av pandemien inn i læringa til studentane. Problemstillinga skulle vere knytt til den utfordringa helsevesenet stod i med koronapandemien med følgande tema, organisering av sjukepleie i ei tid med stor smittefare (vedlegg 5.).

Diskusjon

Nedstenginga av praksis i koronatida hadde konsekvensar for studentar, lærarar, HVL som utdanningsinstitusjon og praksis. Diskusjonen her kastar lys over nokre av dei emneansvarlege, som og var lærarar i emna, sine erfaringar og refleksjonar kring omlegginga av studiet under pandemien i 2020.

Når praksis vart stengt gjekk rettleiingsdagane med praksislærarar ut. Det vart meir samtaler over zoom og meir belastning på praksis. Hovudtyngda av vurderingsansvaret til praksislærarane vart overførte til praksisfeltet. Overføringa bekymra utdanningsinstitusjonen, om praksisfeltet ville greie å ta dette ansvaret i ein alt kaotisk kvardag. Det kom ingen bekymringar frå praksisfeltet, dei tok på seg ansvaret og det ser i ettertid ut som praksisfeltet har meistra oppgåva godt. Det var utfordrande når praksiskontakten måtte underkjenne ein student i sitt arbeid i den «lønna praksis/arbeidsperioden». Vi hadde eit tilfelle der ein student fekk underkjent praksis. Underkjenninga vart gjort av studenten sine kollegaer som såg at studenten ikkje nådde læringsutbytet.

Høgskulane skal tilby utdanning som mellom anna er tufta på det fremste innan erfaringskunnskap (Universitets-og høyskoleloven, 01.04.2005). I ein demokratiserande læringsprosess, medverka studentane ved å kome med ynskje om arbeidsplass og skaffe seg arbeid sjølve. Ikkje alle arbeidsplassane som studentane ynskte å arbeide i, vart godkjende av HVL. Det vert stilt krav til studentane om stor innsats i studiet for å nå læringsutbyta for utdanninga (Utdannings- og forskningsdepartementet, 2021), og grunngevinga for avslag var at forventa læringsutbyte ikkje ville verte dekkja. Avslag var vanskeleg å godta for nokre studentar, og det var varierende i kva grad dei la fram og grunn gav sine forslag og synspunkt ut frå læringsutbyta i emna. Ein del av arbeidsgruppa sin energi gjekk til kommunikasjon med studentane og å gje informasjon kring dette. For eksempel hadde det vore umogeleg for studentar som ynskte å arbeide i ambulansetenesta å nå læringsutbyta der. Nokre studentar uttrykte sin misnøye både med arbeidsgruppa og opplegget. Dei studentane dette gjalt ville ikkje godta at dei ikkje fekk sine arbeidsplasser godkjente, og adresserte dette til topps i HVL, men utan å få medhald. Å høyre andre sine synspunkt og akseptere å ikkje alltid få sine meiningar gjennom, kan ha vore ein nyttig lærdom. Ikkje minst når dei som studentar og framtidige

sjukepleiarar skal vise respekt for pasientane sin autonomi og medbestemming på ein slik måte at pasientane ser seg tente med eit likeverdig samarbeid. Ingen av studentane vart tvinga til å oppretthalde studieprogresjonen sin, og alle fekk alternativ å velje mellom.

Om læringsutbyttet vart nådd, vart subjektivt vurdert av studentane sjølve, på grunnlag av arbeidsgjevarane sine tilbakemeldingar. Emneansvarlege si vurdering var at både studentane og arbeidsplassane viste tillit tilbake, ved å vere opne og ærlege om studentane sin faglege og mellommenneskelege kompetanse. I Forskrift om felles rammeplan for helse- og sosialfagutdanningar (Kunnskapsdepartementet, 06.09.2017) og Forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høgare utdanning (Studietilsynsforskriften, 09.02.2017) kjem det fram at ein utdanningsinstitusjon skal inngå samarbeidsavtalar med praksistilbydaren. Dette legg ansvaret på praksisplassen om å følgje opp studentar i praksis. Det kom fram i alternativ praksis at praksistilbydaren tok rolla si alvorleg og følgde godt opp studentane sjølv om det var ei krevjande tid for praksisfeltet.

Det var vanskeleg å vurdere studentane sine prestasjonar i like stor grad som før, sidan studentrolla vart endra og den tradisjonelle kontakstsjukepleiarrolla var fråverande. Tilsette i HVL hadde bekymringar om studentane nådde sine læringsutbyte i «lønna arbeids praksis», noko vi tenkte ville vise seg i dei påfølgjande praksisane. Som lærarar kjende vi i ettertid på eit ekstra oppfølgingsansvar for studentane som hadde hatt ein «lønna arbeids praksis», spesielt knytt til læringsutbyta i praksisemna medisin, psykisk helsearbeid og oppfølging i heimesjukepleia.

Om ikkje alle, så gav fleire studentar uttrykk for einsemd i koronasituasjonen og sakna medstudentar og lærarar på campus. Fleire undersøkingar problematiserer einsemd blant studentar (Rosell-Helland, 2017; SHoT, 2022). At studentane i koronasituasjonen opplevde dette ulikt, kan kome av at einsemd er ei subjektiv kjensle (Rosell-Helland, 2017). Forfattaren peikar på einsemd knytt til sosiale medium. Studentane ved høgskulen måtte bruke sosiale og digitale medium i stor grad for å oppretthalde kontakt med medstudentar, lærarar og sikre studieprogresjon. Knytt til einsemd er det mogeleg at studentane for det første kunne kjenne på utanforskap viss dei ikkje meistra/eller ville bruke sosiale og digitale

medium slik dei opplevde at medstudentar og tilsette i utdanningsinstitusjonen forventa av dei. Grunnleggjande digitale dugleikar som å laste opp filer på rett plass, viste seg å vere ein hemske for fleire studentar. Lærarane kan og på ulike vis ha gjeve uttrykk for at dette påverka arbeidet deira negativt. For det andre møtte ikkje studentane sine medstudentar eller lærarar fysisk. Slik vart dei ikkje inkluderte i fellesskapet som før. Dersom studentane ikkje vart inkluderte i fellesskapet slik dei forventa i sosiale og digitale medium, kan det ha ført til ein asymmetri i relasjonen og ei kjensle av å ikkje vere ein sjølvsgd del av gruppa. For det tredje kan nære private relasjonar ha nøytralisert kjensla av einsemd, viss einsemd blei sett på som ein naturleg del av livet. Det siste kan vere ei forklaring på at ikkje alle studentane kjende seg einsame. For å førebyggje einsemd blant studentane, opprettheldt praksislærarane kontakta som om dei var ute i vanlege praksisstudiar.

Som emneansvarlege trong også vi støtte gjennom prosessen, for å halde ut i den travle omlegginga. I den samanheng vart førestillinga om eit godt arbeidsmiljø stadfesta. Den tette, og så godt som daglege kontakta med leiinga og dei andre emneansvarlege, gav tryggleik og oversikt. Vi opplevde å få både fagleg og personleg tillit (Spurkeland, 2012) frå leiinga. Fagleg ved at leiaren vår stola på at vi var kompetente og kunne utføre jobben vi var sett til, på ein god måte. Personleg fordi vi opplevde at måten vi gjennomførte arbeidet på gjennom våre ulike personlege eigenskapar, vart akseptert. Slik Spurkeland (2013) ser viktigheita av, vart vi motiverte til å gjere ein god jobb gjennom tett dialog. Samarbeidet var prega av lojalitet, gjensidig støtte og vilje til å stille opp for den andre parten og kvarandre. Campus Førde er ei lita, oversiktleig eining som kom vel med i denne situasjonen fordi leiaren vår hadde kjennskap til alle tilsette og hadde innsikt i personane sin totalkompetanse. Like eins var kjennskapen til kollegaene viktig når vi som emneansvarlege formidla informasjon frå leiinga vidare til praksislærarane, gjennom vekene. Samarbeidet med praksislærarane var upåklageleg, innsatsen deira like eins. Det gode samarbeidet kan henge saman med lærarane sitt samvit og motivasjon til å gjere ein ekstra innsats for organisasjonen generelt, og for kollega og studentar spesielt i denne tida.

Å gå over til heimekontor og ha all kommunikasjon digitalt var både utfordrande og ei nyttig erfaring, sett i ettertid. Å greie å snu seg rundt og gje studentane eit tilbod som i all hovudsak fungerte, var tilfredsstillande og motiverande. I tillegg gav det eit kompetanseløft i teknologiske dugleikar. Ved campus Førde var sjukepleiefaget kome langt med å etablere digitale undervisningsformer allereie før omlegginga. Tilgang til digitale ressursar, gjorde no til fulle sitt inntog i alle fag i sjukepleiarstudiet.

Tilgangen gjorde til at vi som lærarar, i større grad, meistra å lage og nytte videoar i staden for førelesingar. Undervisinga heldt fram tilnærma slik timeplanen tilsa, men skjedde no ved bruk av digitale plattformer og ikkje ved oppmøte. Dette innebar at faglærarane førelas sitjande framføre ein PC-skjerm, og studentane sat tolmodige heime og såg, lytta og stilte spørsmål digitalt. Å meistre dette gav tilfredsstilling og meistringstru inni ei digital framtid, og forhåpentleg ein kime til diskusjon om kva god undervisning er, og sjå på moglegheitene framover. Gjersvik (2020) reflekterer over at korona-pandemien er i ferd med å endre verda og lækjarstudiet. Spørsmålet er om den også vil endre måten vi utdannar våre sjukepleiarar på, og vil erfaringane med digital undervisning føre til meir permanente endringar i studieopplegget? Vil det verte ei digital modernisering av studiet, eller vil vi erkjenne at god klinisk og pasientnær undervisning med tett dialog – andlet til andlet – mellom lærar og student er viktigare enn nokon gong? Truleg er svaret ja på desse spørsmåla, men det har ikkje vorte nok tid til å ta eit steg tilbake for å reflektere over korleis lærarar bør undervise i ein heildigital kvardag, men nokre undervegs - erfaringar vart delte i emnegruppemøta. Gjennom digital undervisning kunne spontanitet og improvisasjon i klasserommet lide. Til tider var det utrygt å kjenne på å holde ein monolog, som kunne likne på ein tradisjonell kateterundervisning framfor klassen, der studentane lyttar og læraren pratar, slik også Stenliden et al. (2020) peikar på. Sjølv om studentane vart bedde om å slå på kamera og mikrofon, var det ikkje alle som gjorde det. Mangelen på gjensidigheit i interaksjonen blei av og til påtrengjande, ikkje berre for oss lærarar, men og truleg for studentane. Ikkje minst for dei som såg ut til å føle seg tvinga til å gje læraren svar på spørsmål som vart stilt.

Ordninga med heimekontor i ei slik tid, gav meir ro utan avbrot og forstyrringar, som ein elles kunne oppleve i ein normal arbeidsdag på kontoret. Arbeidsmengda gjorde det umogleg å gjennomføre ein tydeleg start og slutt på arbeidsdagen. Den offisielle

